



Bygdabladet

for BOKN

A large, leafy tree filled with ripe apples, serving as the background for the main image. In the bottom left corner, there is a smaller inset photo of a woman in a white tunic. In the bottom center, there is another inset photo of a man in a dark suit. In the bottom right corner, there is a third inset photo of a red wooden building by the water.

315 dagar med tannlegekrisje i Bokn er over.
Les meir s. 3

Dagfinn Høybråten var på kommunebesøk fredag 8. september.
Les meir s. 5

Omfattande utvendig restaureringsarbeid på sjøhus i Krovågen.
Les meir s. 12



RDFØRAREN RDET

Hei!

Boknarane skal fortsett styre i eigen kommune, var det klare svar boknarane gav i folkerøystinga om Bokn og Tysvær skulle slå seg saman.
Boknarane har det svært godt og vil styre eigen kommune er min konklusjon på resultatet.

Eg har stor respekt for denne avgjersla og vil sjølv sagt følgje den opp og fortsette arbeide for å få ein god utvikling for Bokn framover.

Me er alle opptatt av at Bokn skal vere ein god plass å bu, drive næring eller bruke fritida, men det var to syn på korleis me best skulle lykkast i framtida.

Eg håpar at alle har respekt og toleranse for det andre synspunktet og at me i framtida også kan arbeide godt saman for å få til det me ønskjer på Bokn..

For å nå fram og lykkast i ein stadig meir sentrali-

serande verden er det avgjerande viktig for oss å dra lasset i lag.

Eg føler det har vore rett å køyre denne prosessen for å få lagt spørsmålet om kommunesamanslåing eller ikkje dødt for ei tid framover. Spørsmålet har komme opp med visse mellomrom, etter fastlandssambandet blei etablert i 1991, og skapt litt usikkerhet om framtida.

Prosessen var og god med godt engasjement og høg deltaking.

Eit lite hjertesukk til slutt. Gjer ikkje dette til ei sak i neste val. Alle som stiller til val ved neste kommuneval er innstilt på å gjere ein best mulig jobb for Bokn-samfunnet.

Nå er saken om kommunesamanslåing avgjort og alle må rette blikket framover.

Svein Ove

Arbeidsløysa ned i Bokn

Reidar Alvestad

Arbeidsløysa i Bokn har gått jamt og trutt ned frå januar 2006.

Det var då 22 heilt arbeidslause personar frå Bokn. Gjennom vinter, vår og sommar har dette talet gått ned til nesten ein tredel, slik at det ved utgangen av august 2006 var registrert 8 heilt arbeidslause personar frå Bokn. Dette tilsvasarar 2,2%.

Godt om arbeid

Ved NAV Kopervik Arbeid (tidlegare aetat Kopervik) blir det opplyst at det er stor etterspørsel etter arbeidskraft i distriktet. Dette har ført til at fleire har fått seg arbeid. Dei opplyser at folk som søker arbeid og har økonomisk stønad som arbeidslause, med få unntak må vera villige til å pendla dersom dei skal kunna oppretthalda økonomisk stønad. Det betyr at det kan få konsekvensar for arbeidsløysetrygda dersom dei ikkje viser aktivitet for å søkja arbeid, eller ikkje tar imot arbeidstilbod. Med andre ord må ein vera reell arbeidssøkjar.

Ekstra innsats for Bokn

På grunn av at Bokn omtrent låg på arbeidsløysetoppen i fylket i januar, starta det eit samarbeid mellom kommunen, trygdekontoret og aetat for å intensivera arbeidet med å få fleire arbeidslause i arbeid. Tiltak som er gjort i denne perioden er informasjonsmøte for dei arbeidssøkjande, arbeidsmarknadstiltak for enkelt-personar, innkalling av arbeidslause til samtalar og intensivering av formidlingsarbeidet ved at aetat, trygdekontor og sosialkontor har hatt fleire samarbeidsmøte.

Når talet på heilt arbeidslause har gått såpass ned, skuldast det nok fleire faktorar. Først og fremst er tilbodet på ledige stillingar godt i regionen. Vidare har

arbeidsmarknadsetaten intensivert arbeidet med å kreva større mobilitet frå arbeidssøkjarane (krav til pendling). Meir informasjon til arbeidssøkjarane om rettar og plikter når ein er stønadsmottakar har nok også gjort sitt. Og sist må ein også nemna at samarbeidet mellom sosialkontor, trygd og aetat har ført til at aetat har fått meir lokalkunnskap om Bokn og meir fokus på den enkelte arbeidssøkjar frå vår kommune.

Andre utanfor arbeidslivet

Det er ikkje berre dei som er registrert heilt arbeidslause som er utanfor det ordinære arbeidslivet. Det fins også nokre som er delvis arbeidslause, under attføring og under rehabilitering. Nokre kan også vera sosialhjelpmottakarar, sjølv om det er veldig få i Bokn, og sjeldan er det nokon her som har sosialhjelp som hovudinntekt.

I samarbeidet mellom aetat, trygd og sosialkontor arbeider ein også med desse ovannemnde gruppene, og fleire av dei som har attføringstiltak er under utdanning. Med den gode arbeidsmarknaden ein nå har, skulle det vera godt muleg for dei fleste av dei som er under omskulering å få seg arbeid.

NAV

Dei fleste har nok hørt at Aetat og Trygdeetaten frå 1.juli 2006 vart samanslått til ein etat. Bokn trygdekontor heiter difor nå NAV Bokn Trygd, medan aetat Kopervik heiter NAV Kopervik Arbeid. Før 01.01.2010 skal alle landets kommunar ha eit NAV kontor (Nytt Arbeids- og Velferdskontor) kor trygd, aetat og sosialkontor skal vera samlokalisert. Førebels skal dette utprøvast i ein prøvekommune i kvart enkelt fylke. Eit stykke ut i 2007 vil så dei første ordinære NAV-kontora i fylka starta opp. Kva tid Bokn skal få NAV-kontor er ennå ikkje avgjort.

Klart nei

Kjetil Hamre & Jardar Havikbotn

Boknarane gav eit klart svar under folkeavrøystinga om samanslåing med Tysvær.

Heile 89 førehandsrøyster indikerte at det ville bli stor valdeltaking når innbyggjarane skulle seia ja eller nei til spørsmålet om kommunesamanslutning. Då 359 boknarar la stemmesedlar oppi valurna 18. september blei det til saman 448 personar som røysta ved dette valet.

Rådmann Jan Erik Nygaard seier til Bygdabladet at han ikkje kan hugsa at frammøteprosenten nokon gong har vore så høg ved eit kommuneval.

Fekk svar

Ordførar Svein Ove Alvestad sa i timen før oppstellinga at han håpa på god deltaking og eit klart svar frå boknarane.

Det må seiast at så vart tilfelle. Han understreka at Kommunestyret 26. september ville retta seg etter fleirtalet som ligg føre. **Dermed blir det ikkje samanslåing av kommunane Bokn og Tysvær.**

VALRESULTAT:

Frammøteprosent: 448 stemmer (77,8%)

Ja	100 stemmer (22,3%)
Nei	346 stemmer (77,7%)
Blank	2 stemmer

Ein fatta
ordførar
les opp
resultata
av
folkeavrøystinga.



Torsdag 4. september var det skuleval.

Etter å ha hatt klassevise diskusjonar med samfunnsfaglæraane sine i ein skuletime røysta ungdomsskuleelevene på Bokn skule ja eller nei til spørsmålet om kommunesamanslåing med Tysvær. Valdeltakinga var på 82%.

RESULTAT, SKULEVAL:

Frammøte: 82%

Ja	27%
Nei	70%
Blank	3%

Endeleg tannlege

Jardar Havikbotn

315 dagar med tannlegekrise i Bokn er over.

12. september starta Marita Ølund opp på tannlegekontoret på Boknatun. Den nyutdanna tannlegen frå Karmøy er av Rogaland fylkeskommune tilsett i full stilling, med 60% i Tysvær og 40% i Bokn. Pasienttid i Bokn er tysdagar og torsdagar kl. 8.30 - 15.00.

- Men me kan nok ikkje ta i mot nye kunder før tidleg vår 2007, seier tannhelsesekretær Anita Jøsang og viser til prioritert gruppe som er skulelevar, bebuarar ved Bokn sjukestove og folk som har heimesjukepleie. Ifølgje retningslinjene skal alle i denne gruppa ha ein tannlegesjekk annakvart år, men alle pasientane blir vurderte særskilt, slik at intervalla mellom tannlegebesøka varierer frå person til person.

Mange hol

Det går fram av ei undersøking i Nord-Rogaland tannhelsedistrikt at det i dag florerer ein del hol blant dei unge på Haugalandet. Hausten vil visa korleis det står til her i kommunen, men damene blir ikkje overraska av ei negativ tannhelseutvikling i Bokn, og snakkar om mykje usunn mat mellom dei faste måltida i tillegg til den enkelte sin innsats for å halda tennene reine.

Dårleg tannhelse er ein kombinasjon mellom dårleg



Marita Ølund ynskjer velkommen til tannhelsekontroll på Boknatun tysdagar og torsdagar.

kosthald, dårleg reinhald og for lite fluor, forklarer Marita Ølund, som ynskjer gamle og nye kunder velkomne. **Tlf.nr. til tannlegen er 52 75 25 80.**

Tannlegetenesta er gratis for barn 0 - 18 år. 19 og 20-åringar får 75% rabatt medan ein betaler full pris frå fylte 21 år.

Fusjonsavtale med Coop Haugaland

Reidar Alvestad

I det ekstraordinære årsmøtet i Coop Bokn den 24.august var det få tilløp til tvil om at det beste for butikken i Føresvik var å fusjonera med Coop Haugaland frå 01.01.07.

Av dei 36 som røysta, gjekk 31 inn for fusjon, medan 5 var imot. Nesten 50 var møtte fram.

Stå betre rusta

Styreleiar i Coop Bokn, Olav Lande Rossebø, sa i innleiinga at føremålet med å fusjonera med Coop Haugaland først og fremst var at ein ville stå betre rusta i den konkurransen som ein meinte ville koma. Sjølv om Coop Bokn i dag står seg rimeleg bra, vil ein ved dårlegare tider kunna vera betre rusta både økonomisk og når det gjeld drift ved å fusjonera nå. Dersom butikken skulle bli utsett for stor konkurranse og mista marknadsandel, vil Coop Haugaland ha styrke, midlar og kunnskap til å setja inn tiltak for å motverka ei negativ utvikling.

Opprusting av butikk og utemiljø

Butikken står framfor store oppgåver når det gjeld opprusting av området. Ein vil legga betre til rette for småbåt- og fritidsbåtar for fylling av drivstoff, då ein meiner at dette i sommarhalvåret også fører med seg ein god del annan handel. I tillegg vil ein rusta opp sjølege butikken. Særleg vil den såkalla jernvareavdelinga få ein skikkeleg gjennomgang kor ein må vurdera kva varer som skal vera i sal, og kva som kan kuttast ut.

Vareutval

Vareutvalet i butikken blir i utgangspunktet standardisert til det som er vanleg for Coop Marked konseptet. I tillegg vil butikken ved dialog med kundene vera opne for ta inn andre varer som det er ein viss omsetnad på. Ein meiner dermed at dei fleste grupper skal kunna få tilfredsstilt sine behov for vareutval.

Når det gjeld vareutkjøring, vil det bli endring på dette, men ein veit ikkje ennå kva dette vil gå ut på. Ein ynskjer ei betre ordning.

Coop Haugaland

Både administrerande direktør Tore Kloving og styreleiar Gunnar T. Isdahl i Coop Haugaland orienterte om



Nesten 50 var møtt fram.

kva ein fusjonsavtale ville føra til. Dei la m.a. vekt på at Coop Haugaland som er det 8. største Coop-laget i landet, har ein marknadsandel på 30% i sitt distrikt. Dei står dersmed sterkt i forhold til andre kjedar, og har hatt aukande medlemsantal særleg blant unge kjøpsterke kundegrupper.

Beste Coop Marked på Haugalandet?

Etter avrøystinga kor det blei klart at Coop Bokn blir medlem av Coop Haugaland, utfordra styrar Annbjørn Sunde administrerande direktør Tore Kloving til å bidra til at Coop Bokn kunne bli beste Coop Marked på Haugalandet. Butikken har eit år tidlegare hatt beste kjøttvaredisk av dei Coop Marked i Rogaland som ikkje har eigen delikatesseavdeling.

Annbjørn Sunde seier til Bygdabladet at dei tilsette er nøgde med avgjerda om overgang til ein større kjede.

Styret fungerer til 2008

Det vil sjølv sagt bli andre styremåtar når fusjonen er etablert. Det blei vedtatt at nåverande styre skal fungera som krettstyre til mars 2008 då det er nytt val i Coop Haugaland. Også valnemnda blir sitjande til denne tid.

Bokn vil få 1 representant i styret til Coop Haugaland.

pusleverden

eg e omringa av puslespelbrikker
så ska danna et bilde av verden rondt meg nå
tålmodig brikka for brikka
det e` kje lett når alle fargane e grå

konne det ikke vore med farge
eller med mønster onna himmelblå
eller med sannhet ikkje løgn og bedrag
det e` kje lett når brikkene e grå

konne ikkje brikkene vore store å rette
koffor e de så ujevne å små
eg klør meg i håret prøve å sokke
men grått e fargen eg kan sjå

det e någe galt de pass 'ikkje samen
eg bruke slegga te å slå
det blir ein flade å fine verden
så male eg egne fargar på

Kjetil Hamre

KrF-topp i Bokn

Jardar Havikbotn

Dagfinn Høybråten var på kommunebesøk fredag 8. september.

Saman med 2. nestleiar i KrF, Leif Kåre Kolnes, rådgjevar i KrF sitt stortingssekretariat, Åshild Schmidt og fylkessekretær i Rogaland KrF, Olav Eggebø Aanonsen blei Dagfinn Høybråten tatt i mot av ordførar Svein Ove Alvestad, lokallagsleiar i Bokn KrF, Sigmund Alvestad og rådmann Jan Erik Nygaard.



Dagfinn Høybråten helsar på Jenny Are.

Sjarmøretappe

Den tidlegare statsråden fekk omvisningar og presentasjonar av pleie om omsorg, kultur, skule og barnehage av seksjonssjefane Gunn Grønnestad og Dag Halvorsen, før turen gjekk til Bokn Plast AS og Bokn Bufellesskap. I Sjøhuset i Alvestadkroken presenterte ordføraren kommunen før ferden, etter ein maritim lunsj, gjekk vidare til Kårstø og seinare på dagen til Karmøy kommune.

Den profilerte politikaren var tydeleg van med å helsa på og snakka med folk, enten det var godt vaksne bebuarar på Bokn sjukestove/omsorgsbustader til barnehageungar og skulelevar. Som ein i møtekommande person og med eit glimt i auga gjorde han eit godt inntrykk på sjarmøretappen sin.

Høybråten, som har kone frå Stavanger og som budde i Sandnes i barndomen sin, representerer Rogaland på Stortinget, og han ynskjer å gjera seg kjent med samtlege av kommunane i fylket. No står berre Utsira att. Ordet lærerikt er eit stikkord då han skal oppsummera desse vitjingane.

Gode skussmål

- Bokn virker som en veldrevet kommune med gode tjenester, svarer han på spørsmålet mitt om kva inntrykk han fekk av Bokn.
- Og ettersom jeg ser i avisene handler det også om hvordan Bokn skal være liten og god i framtida, legg

han til - som eit apropos til komunesamanslåingsdebatten.

Politikaren snakkar om vidareutvikling av gode samarbeidsavtalar med andre kommunar, tiltrekka seg verksemd og skapa forutsetningar for å bu her, som nokre av dei største utfordringane til Bokn i framtida. Han røper også stor kunnskap om Rogaland då han legg ut om kva Rogfast og T-sambandet kan føra med seg.



Her i samtale med barnehageungane fv. Madelene Knutsen, Kristian Hatlem og Endre Øvrebø. Då er det godt å ha barnehageassistent Åse Vatnaland i nærliken.

- Nå snakker jeg som en kommunepolitiker, smiler den tidlegare helseministeren (5,5 år) og arbeids- og sosialministeren (1,5 år).

Før Dagfinn Høybråtenasta vidare til Kårstø, lova han å engasjera seg dersom KrF sin rogalandsbenk på Stortinget blei kontaktat.

- Ingen sak er for liten.



Førsteklassingen Celine Våga sjekkar om den tidlegare statsråden kan fly som ei ørn.

TV-aksjonen 22.10.2006: Leger Uten Grenser

Jardar Havikbotn

Dei gløymde humanitære krisene

er tema for årets TV-aksjon.

Dei innsamla midlane skal brukast til medisinske naudhjelpsprosjekt i land herja av kriser og konfliktar; Elfenbenskysten, Nord-Uganda, Sør-Sudan, Somalia, Den demokratiske republikken Kongo og Haiti.

Leger Uten Grenser sitt arbeid er retta mot menneske som lever i humanitære kriser, konfliktar og naturkatastrofar. Dei arbeider der behovet er størst for å gje dei mest sårbare den medisinske behandling dei elles ikkje ville fått.

Kvar år gjev Leger Uten Grenser ut ei oversikt over verdas 10 mest underrapporterte humanitære kriser, dei som media ikkje dekkjer og som verda gløymer.

Ynskjet er at TV-askjonen 2006 skal fokusera på nokre av desse gløymde krisene. På den måten vil dei som er ramma få større merksemd, og dette kan bidra til ei positiv endring av situasjonen, og skaffa midlar for å gje medisinsk hjelp til dei gløymde ofra.



Basar på skulen 20. oktober

For fjerde året på rad inviterer skulen til basar i samband med TV-aksjonen. Denne gong blir det **fredag 20. oktober kl. 10.00 - 12.15** - to dagar før den nasjonale innsamlingsdagen.

Som i 2003 er basaren avslutninga på eit kystkulturprosjekt, og nokre av gevinstane blir sannsynlegvis prega av det. Og som alltid er bygdafolk velkomne med gevinstar til basaren.

Spesiell gjest

Forutan tradisjonell sal av mat og drikke, elevinnslag og at ordføraren vanlegvis er med oss, er det spesielt i år at me får besøk av ein av fire utvalte til det landsdekkande prosjektet "En uke i felt med Leger Uten Grenser". Jarle Bruntveit frå Haugesund vil koma og fortelja om opplevelingane sine, to dagar før han skal gjera det for heile det norske folk på NRK på sundagen.

Jarle Bruntveit er ein av heile 13.000 personar som søkte om å få vera med Leger Uten Grenser i feltarbeidet sitt. Me gler oss til å høyra han formidla inntrykka sine frå "dei gløymde krisene".

Vil du vera bøssebærar 22. oktober?

Personar frå 18 år kan vera bøssebærar.

Bøssebærarane møter opp i Servicetorget på Boknatum kl. 14.00 for informasjon om rute, osv. Dersom det er mange nok skal ikkje dei ulike rutene ta lenger tid enn 1-2 timer.

Tilbake igjen møter bøssebærarane i banken for sosialt samvær, kake og kaffi - og sjølv sagt TV-aksjonen sin eksklusive pin.

Vanlegvis treng me 15 stk. + sjåførar for å besøka alle husstandane i kommunen, og det pleier ikkje å vera problem. Men personar som er villige år etter år kan brenna seg ut og det er fint å ha fleire å velja blant.

Vil du vera med, tar du kontakt med kulturkontoret eller Servicetorget innan 13. okt.

Leger Uten Grenser (MSF) er en medisinsk humanitær organisasjon som redder liv og lindrer nød, uavhengig av religiøs og politisk tilhørighet.

Leger Uten Grenser arbeider for mennesker rammet av krig, konfliktar og naturkatastrofer og der mennesker ikke har tilgang til grunnleggende helsetjenester.

For å bedre situasjonen for de mest sårbare, vitner våre frivillige om overgrep og urettferdighet.

Kjelde: www.legerutengrenser.no/TV-aksjonen

Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 7 1986

Bygdebok-nemnda i arbeid

Bokn kommunestyre hadde i møte den 1. juli saka om oppnemning av bygdeboknemd oppe til handsaming. Som tidlegare ment i bygdabladet, har kulturstyret tidlegare vedtatt å oppnemna ei bygdeboknemd på 6 medlemmer. Kommunestyret sluttar seg til dette framleggat, med det tillegget at nemda vart utvida med 1 person. Det var det representanten Sigurd Johnny Svendsen som kom med dette framleggat:

- Nemda blir utvida til 7 medlemmer, og Målfrid Kro Trosvavåg vert oppnemnd som nytt medlem.

Vedtaket var samrøystes.

Bygdeboknemda ser då slik ut:

Sigvart Våga, Olaug Hognaland, Svein Ivar Langhelle, Liv Vatnaland, Vidar Grønnestad, Solveig Ellingsen og Målfrid Kro Trosvavåg.

Bygdeboknemda hadde det første møtet sitt den 22. august. Her vart det vald formann og skrivar. Det var Sigvart Våga som vart formann, og Solveig Ellingsen som vart skrivar. Vala var samrøystes.

Det er avsett eit bygdebokfond i Bokn som er på vel kr. 21 000,-. Dette vil bygdeboknemda nå søkja om å få disponera til dette arbeidet. Vidare er det gjort framlegg frå kulturstyret om å løyva kr. 10 000,- i 1987, kr. 20 000,- i 1988 og kr. 30 000,- i 1989 til dette arbeidet.

Dersom ein ser på kostnadene med å få skrive bygdebøker på vanleg måte - ved å tilsetja profesjonelle folk til dette, er det svært mykje pengar som skal til. Med dei midlane som ein nå har i sikte på vårt budsjett, må ein starta på ein måte som krev mindre utteljing økonomisk, men som likevel vil gi ein god start der ein får med vesentlege ting. Som tidlegare nemt i bygdebladet, bør ein kopiera og systematisera Eliseus Vatnaland sine samlingar med sikte på utgjeving. Dete er ein av dei tinga nemda vil sjå på om dei

kan realisera. Vidare vil dei undersøkja kor vidt dei kan få ein hovedfagstudent ved eit universitet til å skriva ei oppgåve t.d. om ei bestemt grein av arbeidslivet i Bokn (fiske?) i ein viss epoke, t.d. på 1800-talet.

Nemda vil vidare gå i gang med å samle og laga eit arkiv over biletet frå eldre tider. Det betyr at seinare vil folk bli bedne om å låna ut eldre biletet for kopireing. Alle vil få dei tilbake. Det er om å gjera at folk tek vare på slike ting, slik at dei kan bli bevart for ettertida. Slike biletet illustrerer godt korleis folk levde i eldre tider, og saman med anna skriftleg og munnleg stoff, kan ein få eit meir korrekt biletet av livet før.

Nemda vil også gå i gang med å intervju folk som kan fortelja frå dei sjølv var unge, eller frå endå eldre tider.

Ein har også anna stoff som nemda kan gjera nytte av. Det finns samlingar (m.a. slektshistorie) av Ansgar Ellingsen. Vidare var det ei samnemd av bygdeboknemder i byrjinga av 1950 åra. Tanken var å skriva heile Karmsund historie. Frå dette som vart gjort, er det også stoff frå Bokn.

Bygdeboknemda i Bokn tek i første omgang sikte på å gje ut skriftseriar og bildebøker. Før dette kan realiserast, har nemda eit stort arbeid føre seg. For å få eit best mulig resultat, er nemda avhengig av at folk støttar opp om dette, og er velviljuge når ein bed om hjelp til å få inn det materialet som trengst i dette arbeidet.

Bygdeboknemda er så heldige å ha med seg to profesjonelle folk, nemleg Bygdebok-forfattarane Svein Ivar Langhelle og er medlem av nemda, og Birger Lindanger som har sagt seg viljug til å vera med og gi fagleg rettleiing og hjelp.

Bygdebladet vil i tida framover vera i nær kontakta med nemda, og demed koma tilbake og informera om arbeidet etter kvart som det er noko nytt som skal skje.

boka 5 års-jubileum.

Det var ein gledens dag for Bokn då leiaren for bygdeboknemda, Sigvart Våga, under bygdebokoverrekkinga på Sjøhuset i Alvestadkroken kunne overlevera boka til kommunen ved ordføraren, etter sjølv å ha


Bygdebok-jubileum

15 år seinare (teksten over), nærmere bestemt 5. juni 2001 kom bind 1 av bygdeboka ut. Så i år har bygde-

motteke eit eksemplar frå forfattar Birger Lindanger.


På den historiske dagen var formannskapet, rådmann, kultursjef og presse til stades, og ordførar Svein Ove Alvestad la stor vekt å hedra personane på bildet, som er fv. Birger Lindanger, Liv Vatnaland, Målfrid Kro Trosnavåg, Olaug Hognaland, Solveig Ellingsen og Sigvart Våga (Svein Ivar Langhelle var ikkje til stades).

Så vil det visa seg kor lenge det er til kulturhistoria til Bokn kjem....



Trigger (7 år)

I den actionspekkede familielenken TRIGGER følger vi 11 år gamle Alise på hennes vei mot å ta sprangen ut av sin egen frykt, for å redde den dødsdømte hingsten TRIGGER.



Uro (15 år)

"URO" er et rått og realistisk actiondrama med Nicolai Cleve Broch og Ane Dahl Torp, og handler om å miste kontroll, vennskap og svik. En ung og sulten politimann blir innhentet av en voldelig fortid som han rømte fra ti år siden.

Medan bilane dominerte kinobiljet 15. september i filmane "Biler" og "The fast and the furious, Tokyo drift" er det 13. oktober klart for anna type action i "Trigger" og "Uro".

"Biler" sette for øvrig **publikumsrekord** med 95 betalande, og det var fin stemning og god lyd i Auditoriet den tredje fredagen i september.

Den forrige rekorden hadde "**Olsenbandet jr. på rockern**" fra mars 2004 med 91 betalande.

Den unge banden har også tredje plassen; "**Olsenbanden jr. på Cirkus**", som også hadde Norgespremiere hos oss i februar i år, blei sett av 87 betalande.

Velkommen på kino 13. oktober!

Skromlehjulet dukketeater

"To gode venner"



Auditoriet, onsdag 25. okt. kl. 17.00

Kjersti Iversen og Skromlehjulet dukketeater er på far-tien igjen. Sist de var i Auditoriet var med teaterstykket "Mannen som ønsket seg et eple" i april 2003.

Denne gang handler det om vennskap i forestillingen "To gode venner".

Inngang biblioteket - entré kr. 50,-

"To gode Venner" handler om vennskapet mellom **Musa** og **Kråka** og deres forhold til **Mennesket**. Mennesket kaster ting i søppelbøtta som de kan ha nytte av, men Mennesket er også farlig og en trussel mot deres eksistens.

Musa og Kråka finner gode saker i søppelbøtta, som de deler med hverandre, for gode venner deler alt. Kan de også dele med frøken Harepus som kommer på besøk? Musa og Kråka gjør også ugagn for Mennesket. Kråka er en frekk tyv og Musa roter ut alt søppelet. Hvordan vil det gå når Mennesket blir sint og tar sitt gevær for å ta dem?

Musa og Kråka må hjelpe hverandre for å lure det farlige Mennesket ...

Det er ikke alltid så lett å være venner, men Musa og Kråka klarer å dele sine gleder og sorger slik at barn og voksne kan glede og "grue" seg sammen med dem.

Hva vil det si å ha en god venn? En trofast venn er en sterk støtte, og den som har en god venn har en dyrebar skatt. En venn er en som virkelig kjerner deg, og som er glad i deg for den du er. Gode venner stiller opp for hverandre når de møter vanskeligheter, for **gode venner hjelper hverandre og deler alt**.

Nye konfirmantar møtte 50 års-konfirmantane

Tekst: Reidar Alvestad - foto: Oddrun Nilssen

Sokneprest Arne Aurdal fekk 8 av 50-års konfirmantane fram på golvet i kyrkja under gudstenesta den 3. september i Bokn kyrkje. Dei 7 nye konfirmantane hadde mange andre oppgåver i kyrkja denne dagen.

Tradisjon

Det er blitt ein årleg tradisjon å invitera dei som vart konfirmerte for 50 år sidan til den gudstenesta kor dei nye konfirmantane blir presentert. Ikkje berre i Bokn,



Nye konfirmantar er frå v.: Vidar Øvrebø, Kristoffer Nilssen, Martin Trosnavåg, Alexander Hansen, Gina Alvestad, Charlotte Kjellesvik Grønnestad og Vilhelm Våge.

men også i mange andre kyrkjelydar.

Konfirmantkullet for 50 år sidan talde 16 personar. Av desse er 2 døde, og av dei andre var det 8 som møtte. I årets kull er det 10 som er i konfirmasjonsalder. Av desse er det 7 som har valt kyrjeleg konfirmasjon.

Aktive i gudstenesta

Årets konfirmantar var med både ved lesing av tekst

og ved at dei ved framføring av eit mimespel illustrerte deler av teksten for dagen.

Deltaking frå 50-års konfirmantane

Så var det også tid for at 50-års konfirmantane vart utfordra til å koma på golvet for å bidra med minner dei hadde frå eigen konfirmasjon. Dei vart utfordra både på å skildra kva dei vart overhøyrd om på konfirmasjonsdagen sin, og korleis dei var kledd den dagen. Det kom fram at det den gongen kunne følast



50 års-konfirmantane frå v.: Torleif Jøsang, Leiv Våga, Kjellaug Bjelland, Ingunn Våge, Irene Aase, Ada Herabakke, Laila Aksdal Jensen og Gerd Alvestad Rygh.

ganske tøft å gå fram til overhøyring på konfirmasjonsdagen, og det hende at ein av konfirmantane kunne svima av.

Etter kyrketid reiste 50 års konfirmantane ut til Arsvågen for middag og drøs.

Elles var det 2 barnedåpar i ei gudsteneste som hadde samla rimeleg bra med folk.

Minneord

Henrik Paulsen er død, 97 år gammel.

Henrik Paulsen er født i Stavanger, men ble gift i 1934 med Anna Ognøy. Det førte til at de var mye i Bokn.

Ca. 1948 fikk de sin hytte ved Boknabergssjøen, der de var mye. Anna og Henrik var ivrige fiskere, med garn og teiner. De koste seg i Bokn, og følte seg hjemme der.

Anna døde i 1997, og det var et stort savn, men han elsket å ta turen til Bokn. I sommer var han to turer i Bokn og han måtte ha en kjøretur rundt øyna, for å se om der var noe forandring.

Han etterlater seg datter, 5 barnebarn og 11 oldebarn.



Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -
- daglege oppdateringar i nettutgåva -

SEPTEMBER

- 30. ans på skulen, aldersgrense 18 år - arr. Bokn idrettslag**

OKTOBER

01. Gudsteneste kl. 11.00
01. Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
02. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30
04. Basar Indre Sjø., Bedehuset kl. 19.30
07. Klubbkveld for ungdom
08. Sang & musikkmøte m/kaffi, Bedehuset kl. 15.00 - arr. Frelesarméen

veke 41 Haustferie, Bokn skule. Bygget stengt for utleige og ferdsel.

13. Kino i Auditoriet
13. Israelsmisjonen, Bedehuset kl. 19.30
14. Seminar, Bokn brass - arr. Bokn musikkorps
15. Gudsteneste kl. 11.00
15. Ekornspeidaren møter på kaien i Kro 15.00
16. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30
19. Kontaktmøte på Bedehuset
20. Basar på skulen kl. 10.00 - 12.15. Tema: kystkultur. Sjå s. 6
21. Dans - arr. Bokn idrettslag
22. Normisjon, Bedehuset kl. 19.30
24. Fotballavslutning i gymsalen
25. Dukketeater i Auditoriet kl. 17.00, inngang biblioteket, sjå s. 8
26. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30
28. Auksjon på skulen - arr. Bokn musikkorps
29. Gudsteneste kl. 11.00
30. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30
31. Speidaropptak på Bedehuset kl. 18.00

NOVEMBER

- 01. Normisjon, Bedehuset kl. 19.30**
05. Gudsteneste kl. 11.00
07. Kulturfeld m/Pollestad på Bedehuset
10. Kino i Auditoriet
10. Basar ABR, Bedehuset kl. 19.00
11./12. Seminar, skulekorps - arr. Bokn musikkorps
12. Ekornspeidaren går naturstien til Trollskogen kl.15.00

13. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30
17. Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps
18. Seminar, Bokn brass - arr. Bokn musikkorps
18. Klubbkveld for ungdom
19. Gudsteneste kl. 15.00
26. NMS, Bedehuset kl. 19.30
27. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30
30. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30

DESEMBER

03. Gudsteneste kl. 19.00
05. Grautfest for speidarane i gymsalen på skulen kl.18.00
08. Kino i Auditoriet
10. Luciafest på skulen - arr. Bokn musikkorps
11. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30
16. Klubbkveld for ungdom m/julemiddag
17. Gudsteneste kl. 11.00
17. Julefest, Bedehuset kl. 15.00
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
26.-30. BCG - Datatreff
28. Juletrefest, Bedehuset kl. 19.00 - arr. Bedehuset & Frelesarméen
31. Gudsteneste kl. 16.00

Frå formannskapsmøtet 22.08.2006

Sak 059/06

Orientering om arbeidssituasjonen i teknisk

Seksjonssjef teknisk orienterte om situasjonen i seksjon teknisk.

Seksjonssjefen har hatt kontakt med diverse samarbeidspartnere, uten å finne noen løysning på problemet.

Møte med Tysvær den 31. august for et eventuelt samarbeid.

Sak 060/06

Orientering - legesituasjonen i Bokn kommune.

Seksjonssjef sosial-, helse- og barnevern Gunn Grønnestad orienterte om legesituasjonen i Bokn.

Sak 061/06

Folkeavrøystinga - gjennomgang av opplegget for folkemøte om kommunesamanslåinga

Formannskapet vedtok: Det blei presisert at særutskrift av sak 057/06 må sendes valde varamedlemmer i valnemnda.

Det gis tilbud om ambulerande val til bebuerar på sjukeheim og omsorgsboligar.

Folkemøte den 5. september 2006.

Rammene rundt ble bestemt og deltakere/møteleder ble bestemt. Folkemøtet starter kl. 19.00 og innbydelse blir sendt alle husstander i Bokn sammen med annet materiell.

Sak 063/06

Tilrettelegging av båtplasser på kommunen sin eiendom i Føresvik havn

Formannskapet sitt vedtak: Formannskapet kan godkjenne at Thuestad/ Ellingsen får midlertidig tillatelse til å legge ut molo på ca.10 m. lengde med forankring til kommunen sin eiendom slik det framgår av kart datert 15.08.2006

Grunneier må selv sørge for at tillatelse i forhold til 3-part (Judith Mydland) er klarert.

Formannskapet godkjenner at det leies ut 3 båtplasser for inntil 15 fots båter slik det fremgår av kart datert 15.08.2006.

Leietaker av båtplass nr. 1 må løse fortøyning i samarbeid med eiere av naboeiendom.

Leietiden avtales til 01.07.2007 til en pris av kr.500,-. Avtalen kan forlenges inntil arbeidet med permanente båtplasser blir satt i gang.

Formannskapet påpeker at utleige av dei kommunale båtplassane må lysast ut.

Museumsformidling

Jardar Havikbotn

Mona Aarø er pedagogisk leiar ved Haugalandmuseene AS. 25. august blei ho kjent med Bokn bygdemuseum.

Museet i Bokn er, etter "Museumsreformen", med i Haugalandmuseene AS. Blant sentrale punkt i reforma er utvikling av pedagogiske opplegg, og Mona Aarø jobbar for tida med ein formidlingsplan som presenterer musea sitt tilbod til skular og barnehagar.

Styrar for museet på Håland, Eivind Øvrebø, og underteikna tok i mot museumspedagogen, og gallerileiar for Haugesund billedgalleri og varmedlem til styret i Haugalandmuseene AS, Grethe Lunde Øvrebø, den siste fredagen i august. Og damene blei svært imponerte av Eivind sine forteljingar om mange av dei nesten 4.000 museumsgjenstandane i Bokn.

Kunnskapsløftet

Målet til Mona er å synleggjera kva som finst på musea, og ho ser for seg to formidlingsopplegg, der læraren enten sjølv tar med elevane opp på museet, eller at ein (lokal) formidlar tar i mot dei.

- Temaene eg vil bruka skal vera knytta opp mot Kunnskapsløftet, fortel Mona, som også jobbar med Den kulturelle skolesekken på Karmsund folkemuseum. M.a. har dei eit godt samarbeid med Billed-



I BESTESTOVA: Fv. Grethe Lunde Øvrebø, Eivind Øvrebø og Mona Aarø i interessant samtal om livet i starten på 1900-talet.

galleriet, noko elevar på Bokn skule sannsynlegvis får nyta godt av i løpet av skuleåret 2006/2007.

Både politikarar og sentrale museumsfolk i Bokn har forventningar til "Museumsreformen", med fokus på besøksauke. Det som Mona Aarø har sett i gong er eit stort skritt i rett retning.

Kyrkje – stat

Svanhild Alvestad/Reidar Alvestad

I 2003 vart det av departementet sett ned eit utval som skulle gi sin uttale vedrørande temaet kyrkje/stat. Det såkalla Gjønnes-utvalet har brukte 3 år på å gi sin uttale.

Utgreiinga er, som mange andre offentlege utgreiingar, blitt omfattande og inneheld heile 200 sider. Ein kortversjon er også gitt ut, og denne er tilgjengelig på www.kirken.no/kirke_stat.

Det er nå runde for høyring, med frist 01.12.06. Trond Giske har uttala at han ynskjer ein brei høyringsrunde. Difor er utreiinga sendt ut til blant anna alle sokneråda i landet og alle kommunane.

Dei mest sentrale spørsmåla som ein skal gi uttale er:

- Kva kyrkjeordning skal me ha i framtida?
- Kva lov skal denne vera forankra i?
- Kva ansvar skal staten ha for aktiv støtte til religionspolitikk?

- Kva finansieringsordning skal det vera?
- Korleis skal val gjerast i kyrkja?
- Kven skal ha ansvar for gravferdsforvaltninga?
- Kven skal eiga og forvalta kyrkjebygga?

Kommunen

Bokn kommune har gitt signal til soknerådet at dei ikkje vil gi uttale i saka. Soknerådet på si side ynskjer å engasjera folk i saka.

Folkemøte om kyrkje/stat i Tysvær

I fyrste omgang vil soknerådet oppmøda folk om å koma på ope folkemøte i kinosalen på Tysværtunet tysdag den 03.10 kl. 18.00.

Der vil medlem i Gjønnes-utvalet Hildur Larsen frå Sveio orientera om rapporten og delta i ein paneldebatt saman med politikarar og kyrkjefolk. Desse vil kunna svara på spørsmål frå salen.

Største sjøhuset i Bokn utvendig restaurert

Reidar Alvestad

Eit relativt omfattande utvendig restaureringsarbeid er den siste tida gjennomført på det store sjøhuset i Krovågen. Mellom anna har heile vest og sørsida fått nye vindauge og kledning.



Her er sjøhuset i vestre front mot sjøen. Brygga mot vest og nord. Vinna og vinnehuset øverst.

Eigne midlar og tilskot

Eigarane av sjøhuset er Kari Christensen og Olav Larsen. Kari fortel at dei lenge har hatt planar om å ta fatt på restaureringsarbeid av sjøhuset, og at dei starta for ei tid sidan med å få bygd opp ei god brygge i fronten mot sjøen i vest og på nordsida. Her er det god plass med benker på framsida.

Men eit slikt prosjekt er omfattande og kostbart, og for å gå vidare med arbeidet søkte dei om tilskot gjennom den ordninga som heiter "Spesielle miljøtiltak i landbruket", som også går under nemninga SMIL ordninga. Desse midlane kan tildelast ulike tiltak som kan gå på kulturlandskap, istandsetjing av bevaringsverdige bygg osv.

Her fekk dei tilsagn om tilskot. Dei kom så i gong med det vidare restaureringsarbeidet som nå er utført. Også andre på Bokn har fått tilsagn om tilskot fra SMIL-ordninga, og Bygdabladet vil sinare koma tilbake til eit anna prosjekt.

I relativt god stand

Sjøhuset, som er på 9 x 15 meter i tre etasjar, må vera Bokns største. Sjølv om det vart bygd i 1848, er det utruleg kor støtt det har stått utan å få skeive vinklar i bygningsstrukturen.

Det var Ole Larsson som saman med ektefellen Ingeborg Monsdotter frå Ringsaker som i 1847 reiste saman til heimstaden hennar og henta tømmer både til det prektige herskapshuset i Kro, sjøhuset og Bokn kyrkje. Gjennom skipsfart og sildefiske bygde familien seg storstilt opp økonomisk.

Det er Bernt Øvrebø som har utført restaureringsarbeidet, og han var imponert over kor rettvinkla bygningsstrukturen var.

Dei nye vindauge som er innsette i vest og sør er spe-

siallaga etter mål, og ny utvendig kledning på same sidene er utført etter same mål som opprinnelig kledning, betydeleg breiare og tjukkare enn dagens normale mål for bustadkledning.



Vinna er nyoppsett. Her innafor vinnehuset.

Vinnehushus og hjul

I vest mot sjøsida hadde deler av veggen falle ut. Det same var vindauge og vinnehuset øverst i 3 etasje. Sjølve vinna låg i småbitar i 3. etasje. Det som nå er gjort utanom ny kledning og vindauge, er at sjølve vinnehuset øverst er rekonstruert og bygd opp att, pluss at ny vinne er på plass. Vinna vart i tidlegare tider brukt til å heisa opp og ned varer, særleg sild, då dei mellom anna hadde eit silde salteri i sjøhuset.



Rester av grua i 2. etasje.

Store areal innvendig

Sjølv om halvparten av utvendige veggene nå er ferdig restaurert, og heile huset har fått fleire strok med malning, manglar det mykje på at alt er gjort ferdig. Dette er berre ein start, men ein god start som syner godt igjen. Taket er kledd med eternitt, men er tett, så det er ikkje bråhast å gjera noko med det. Og innvendig

ber sjølvsgåt sjøhuset preg av at det er eit gammalt sjøhus. Kva som skal gjerast her, blir litt avhengig av kva det skal brukast til i framtida.

Kari Christensen seier til Bygdabladet at det er på ideplanet ennå, men at dei ynskjer å knyta sjøhuset til drifta på garden. I dag er det mykje basert på hest og riding, kanskje kan det bli meir vinkla mot såkalla "grøn omsorgsverksemd" kor sjøhuset kan spela ei rolle. Her er eit fint utgangspunkt for turar på sjø og land. Men førebels er dette på tankestadiet, og ikkje konkret.

Innvendig har sjøhuset ei grue i 2. etasje, så det har nok vore fyrt for å varma opp m.a. det såkalla "kontoret" i same etasje på rundt 16 kvadratmeter. Elles har eigarane laga ny veg frå garden og ned til sjøhuset, i tillegg til at dei har ført kommunalt vatn ned til utsida av sjøhuset.

Verneverdige praktbygg skapar miljø

Saman med det gamle hovudhuset som også kallast



**Sjøhuset ser på avstand nesten nytt ut, så rettvinkla er det tross sine 158 år.
Det kvite gardshuset eller "Bygningen" tv.**

"Bygningen" frå gammalt, dannar dette eit unikt miljø i området. Også "Bygningen" er restaurert utvendig og innvendig.

Begge bygningane er med på ei liste over 6 objekt i Bokn som er registrerte i klasse A i registreringa av faste kulturminne (klasse A: verneverdige bygningar med eit fredningspotensial).

Minneord

Solveig Elise Våga er død.

Ho vart fødd i 1931 på Ørvabø som nr. 2 av ein syskenflokk på 9. Foreldre var Julie og Adolf Ørvabø. Solveig var ei stillferdig jente, men hadde brei yrkeserfaring i si lange ungdomstid. Fyrste arbeid utanom heimen var på hermetikkfabrikken. Etter det huspost i Haugesund. Ho var og stølsbudeie i Røldal ein sommar, der ho saman med 2 andre mjølka 160 geiter og 6 kyr for hand.

Tok så husmorskulen på Sola og blei tilsett på den nystartede "Totalen" i Haugesund. Solveig arbeida på "Totalen" i 3 år, før ho flytta til Oslo for å arbeida på kjøkkenet på Nordstrand Helseheim. Etter et par år der tok ho utdanning som barnepleiar, og arbeida så i Tøyen menighet sin barnehage.

Seinare vart Solveig tilsett som styrar av fødestova på Stord. Jordmora budde i et anna hus og måtte tilkallast når det kom pasientar. Det hendte at ho kom for seint, at barnet kom før henne. Solveig tok i mot 6 stordabarn.

Siste arbeidsplassen ho hadde før ho gifta seg var ho ansatt av Klepp kommune som husmor.

Ho hadde ansvar for 4 foreldrelause barn fra 4 -12 år. Dette var døgnjobb, natt og dag. Her var ho i vel to år. I 1968 vart ho boknar att då ho gifta seg med Sigwart Våga og flytta til hans gard. Den dreiv dei saman som heiltidsbønder til årsskiftet 1999/2000, då dei overlot den til sonen, og flytta til Foresvik der dei på førehand hadde kjøpt hus.



Solveig var interessert i kristelig arbeid, dreiv søndagskule i 5 år, var med i både bedehusstyret og soknerådet. Ho var og heile tida med i Misjonsselskapet sin forening.

Var litt med i politikken, som varamann til kommunestyret og nestleiar i helse og sosialstyret.

Solveig likte å stella for mann og barn, og alle barnebarna fekk ein stor plass i hjarta hennes.

Solveig etterlet seg mann, 3 barn og svigerbarn og 7 barnebarn.

Jordå rundt på 105 dagar

Vibeke Borgenvik

I desember i fjar bestemte kjæresten min Cristian og eg at me hadde lyst å reisa litt og sjå oss om rundt om i verden. Det å reisa og oppleva andre land og kulturar hadde lenge stått på ønskelistå. Me fant ut om me ville gjera dette, så måtte det bli nå. Me blei òg enige om at denne turen blei et fint avbrekk før me måtte hiva oss på videre studier.

Etter å ha jobba på spreng for å tjena nok penger i over et halvt år, stod me endelig klare den 12. april på Helganes med kvar sin ryggsekk og med sommarfuglar i magen.

Reiseruta var klar. Først ut var Thailand, så Malaysia og videre til Singapore. Deretter Australia, New Zealand og Fiji-øyene. Til slutt var det over til USA, før me tok ein svipptur innom Praha og så hjemover. Det som er det fina med å vær backpacker er friheten til å velga. Du bestemme kor og koss du vil reisa og ka du vil sjå. Det fins nesten ikkje grenser for ka du ikkje kan gjer (så lenge pengene rekke da...).

Elefantar, tigrar og pytonslangar

Alle land, byar, øyer og småplasser me har reist til har hatt sin sjarm og egenart. Thailand som også blir kalt "smilets land" var et utrolig fint land og opplevelsane blei mange. Noen av høydepunktå var det å få ri og bada med elefantar, Thailandsk nyttårfeiring med vatn og sorpa, tigertemeplet og munkane, kosing med pytonslangane, vannmarkedet og sist men ikkje minst det å besøka Puket, der tsunamien herja som verst for ei stund tilbake. Innbyggjarane har gjort ein fantastisk jobb med å bygga opp samfunnet igjen. Det var ingen synlige spor etter katastrofen unntatt skilter som viste sikkerhetssonen, altså kor langt innover øya ein kunne være i sikkerhet for ei eventuell



Her er me i Kanchanaburi i Thailand og storkose oss med elefantane.



I dette tigertemelet kunne me klappe voksne tigrar. Dei var ikkje i bånd og munkane hadde ikkje våpen. Her var det tillit mellom munk og tiger som gjaldt.

ny flodbølge. I fra Thailand bar det nedover til Malaysia og Singapore. Mange reisetimar blei lagt bak oss, blant annet ein 16-timars togreise i et ukomfortabelt sete med 90 graders vinkel (...)

Flowerpower og fallskjermhopp

Australia blei ein av dei mange favorittane våre, med sitt eksotiske dyreliv og sin avslappade kultur og atmosfære. Sjøl syns eg det var utrolig kjekt å få nærbondskap med dyr. Det å håndmata store flokkar med kenguruar og klemma koalaer innte seg, er ikkje kvardagskost for meg. Andre gode minner er tre-dagars turen med guide til nydelige Fraiser island, der me kjørte på kvite sandstrender som strakk seg milevis langs øya. Også storbyen Sydney hadde mye å tilby, men me falt pladask for Byron Bay, hippie-plassen over alle hippie-plassar! Hundrevis av flowerpower-inspirerte folkevogner rulla gjennom gatene, dread-lock faktoren var høg og butikkane med 70-talls-kler var mange.

Det var i denne lille byen me bestemte oss for å hoppa i fallskjerm fra 14.000 fot med "the gold coast" som utsikt og underlag. Eg må ærlig innrømma at det var ein ekstrem opplevelse på godt og vondt! Me suste nedover i 70 sekunders fritt fall med ein hastighet på opptil 200 km/t. Det kostar litt, men det var sååå verdt det!

Storslått natur

Landet som på mange måtar ligna mest på Norge var New Zealand, med sine høge fjell og lange fjordar. Men eg må innrømma at naturen her var heilt fantastisk. Eg er ein person som i svært liten grad er interessert i naturlandskap, men her måtte eg bøya meg i støvet, for den som satt klistra oppi vidueine i bussen var meg! Ikke rart at det er her Ringenes Herrefilmane blei laga. Me var både på ridetur i fjellene der mange av Ringenes Herre opptak blei tatt og me fekk besøka "The Shire", plassen der hobbitane bodde og der hobbithullå fortsatt eksisterer.

I Rotorua såg me varmekilder, kokande leirebasseng og vulkanar. Opprinnelsen til strikkhopping finner me òg i dette landet, og i Queenstown på selvaste 17. mai hoppa Cristian tri forskjellige hopp fra tri forskjellige plasser der det høgaste var fra ei kabelvogn mellom to fjell og målte 143 meter (...!) Der meldte eg pass...

Primitive dagar


Vil ein oppleve et evig paradis, nydelige strender, utrolige korallrev og herlig snille folk, er Fiji-øyene det perfekta reisemålet! Me levde utroligt primitivt og enkelt, men nettopp dette med å vær vekke fra sivilisasjonen ei stund ga ein herlige følelse. I stråhytter på strandå budde me og måltidene bestod av ris, fisk og frukt. Det blei late dagar der me låg



Eg flyyyr! Byron Bay, Australia.



I Australia fekk me nærbondskap med søte, men innpåslitne kenguruar.



Idyll på Fiji. I slike stråhytter budde me i 3 veker.

på strandå, bada, snorkla og spiste sjølhenta kokosnøtt. Men me var òg med på aktivitetar som å veva armbånd fra tørka palmeblader, me var med på fisketurar, besøkte landsbyane på dei forskjellige øyene og deltok på underholdning om kveldane. Me fekk òg sansen for strandå der filmen "Den blå lagune" med Brooke Shields blei laga.



Personalet på ei av Fiji-øyene.
Dei var utroligt snille og vennlige.

Tarantellar og latter

Eg er dessverre nødt til å nevne EIN mindre positiv episode fra Fiji-øyene. Ikkje alle øyene hadde strøm og det blei mørkt i 6-tia, heilt svart for å vær nøyaktig. Ein kveld når me sko legga oss i den litla stråhytta våras, ser me tri store skyggjar på kvar sin vegg. Tri ekle, svære, hårete tarantellar på størrelse med cd-ar stirre på oss i mørknå og som etterkvert begynner og kravle rundt i hytta. "Litt" panikk og angst oppstod, det kan ein trygt sei... Det enda med at me fekk bytta, sjølv om dei innfødde stod og lo av oss. "Dei er jo ikkje såå giftige", kom det flirande frå ein av dei....(!)

USA

Frasen om at "alt er større i USA" synes eg egentlig er ganske riktig. Alt skal være stort, flott og ekstremt. Men det er dette som er litt kjekt òg, nettopp at alt er annerledes fra hima. For tri år siden var Cristian utvekslingsstudent i Moreno Valley, som ligger ein times kjøring fra Los Angeles. Det var her hos Cristian sin gamle verfts familie me hadde vår base i nesten 4 veker, og ein mer gjestfri og koselig familie ska du leita lenge etter!

Temperaturane her om somrane er ofte på 45 grader og oppover så det kunne bli ganske uutholdelig å vær ute i sola. Det var òg brennhett på nasjonaldagen 4 juli, ei feiring som foregjekk litt annerledes enn 17. mai hima. Ingen bunader og korpsmusikk, men masse matboder, konserter, karusellar, yldrande folkeliv og et ENORMT fyrværkeri om kvelden. I California e det utrolig mye ein kan få med seg, me leide derfor bil i ei veke for å få sett mest mulig på den tida me hadde



**Cristian og meg i Hollywood, Los Angeles.
Ein spennade by synes eg.**

igjen.. Me kjørte både til Disneyland i Anaheim og Sea World i San Diego, begge knallkjekke fornøyelsesparkar. Det utroliga spekkhoggarshowet i Sea World satte sine spor hos meg. "Du tror det ikke før du får se det!"

Til slutt kjørte me den 4 timer lange turen gjennom øde ørkenlandskap og inn til Las Vegas, byen som aldri sove. Det var mesten umulig å vandra ute i gatene om dagen, ittesom det her var over 50 grader og vindstille. Ein kan sammenligne det med å var innestengt i ein steikeovn. Men her krydde det altså av luksushoteller, restaurantar, og ikkje minst kasinoer (!!) Nysgjerrig som eg var på Las Vegas-livet, satsa eg 1 dollar på ein spilleautomat og enda opp med 15 dollar. Eg var storfornøyd heilt te eg såg opp på premieeggane, der folk i alle aldrar hadde vunne både millionar og milliardar på dei samme spilleautomatane....

I Sea World fekk me sjå ein utrolig flott Spekkhoggarshow. Desse dyra er digre, men òg snille og omtenksamme.



Minner for livet

Me tusla oss etterkvert tilbake til Los Angeles og tok fly til Praha, der me hadde 5 dagar som me brukte på handling og på å se på gamle bygningar. Å komma him te Norge var sjølsagt kjekt, men det var litt trist òg, det og ikkje vær ryggsækkturist lenger. Eg er evig takknemlig over at eg har fått reist på denne turen og fått opplevd så utrolig mye kjekt. Minnene komme eg til å ha med meg for resten av livet.

Eg oppfordrar alle ungdommar til å ta seg ein kikk rundt om i verden før ein blir opptatt med studier, jobb og familieliv. Ein blir mer voksen, tar mer ansvar og tenker annerledes, kanskje på ein mer fornuftige måte. For meg var det veldig trygt å ha Cristian med, som både kjærast og bestekamerat. Så få med deg ein god venn eller kjærasten din og REIS!

Hørres detta kjekt ut kan ein ta kontakt med Kilroy-kontoret i Stavanger for mer informasjon. Ein kan òg ta kontakt med meg om ein lurer på koss ein slik tur virker i praksis.



Informasjon om legetenesta

Bokn kommune forlenger samarbeidsavtalen med lege Attila Fazekas ved Hegren legesenter.

Sjølv om Elisabeth Mattson er tilbake i jobb i Aksdal, har ikke det noko med legestillinga i Bokn å gjøre. Vi har framleis ein skriftleg avtale med dr. Fazekas om at han skal ivareta pasientane frå Bokn, og vi betaler han for dette.

Ta derfor kontakt med Hegren legesenter på tlf. 52 75 88 00 når du treng lege.

Vi kjenner til at mange som har fastlege i Bokn er blitt tilbuddt å gå over til Elisabeth Mattson i Tysvær. Om mange boknarar følgjer denne oppmodinga, vil det øydeleggje grunnlaget for drifta ved legekontoret i Bokn. Avtalen med Fazekas inneber at vi, den dagen det begynner ny kommunelege i Bokn, har pasientgrunnlaget intakt.

Når det gjeld arbeidet med å skaffe ny kommunelege, har Formannskapet gått inn for å opprette ein heil legeheimel for Bokn, og det er søkt direktoratet om opprettelse av en slik heimel. Vi venter no på svar derfra.

Som de skjønar, arbeider denne kverna langsomt, og det er vel ikkje realistisk å tru at vi har ny lege i Bokn før nytår. Vi får prøve å klare oss så godt vi kan så lenge, og er det noko sjukepleiarane på legekontoret eller eg kan hjelpe dykk med, ta kontakt.

Er det elles noko de lurar på når det gjeld legeordninga, kan de ringa meg på tlf. 52 75 25 34 eller 98 22 15 03

Med helsing Gunn Grønnestad

Psykiatrick sjukepleiarar

På grunn av vidareutdanning i psykisk helsearbeid er stillinga til Miriam Berland frå 1. september 2006 redusert til 50 %.

Anne Lise Nilsen går inn i deler av den resterande stillinga.

Dette medfører desse endringane:

Partallsveker

Miriam: mandag – onsdag – fredag

Anne Lise: tirsdag

Oddetallsveker

Miriam: mandag – onsdag

Anne Lise: fredag

Tlf. kontor: 52 75 25 36/404 10 570

Kommunale båtplassar

Bokn kommune har 3 kommunale båtplassar til utleige for inntil 15 fots båtar i Føresvik hamn.

Leietida er begrensa fram til 01.07.2007 med mulighet for forlengelse inntil arbeid med permanente båtplassar blir igangsett.

Årsleiga er satt til kr 500,-.

Interesserte bes ta kontakt snarast med teknisk seksjon i Bokn kommune på tlf. 52 75 25 05

Søknadsfrist: 15. oktober - loddrekning v/fleire enn tre søkjavarar.

Ledige bustadtomter i Føresvik

Pris. Pr. tomt kr. 200.000 - tilknytningsavgift for vatn og kloakk, ca. kr. 50.000, kjem i tillegg.

Interesserte bes ta kontakt med teknisk seksjon i Bokn kommune på tlf. 52 75 25 05

Søknadsfrist: 15. oktober - loddrekning v/fleire sökjavarar til same tomt.

Frivillige mannskaper til brannvesenet

Det er ledig 1 stilling som frivillig mannskap i Bokn brann-og redningsvesen.

Søker må ha førerkort (klasse C vil være en fordel) og være i god fysiske form. Den som blir tilsatt må være villig til å gjennomgå nødvendig opplæring (minimum et brevkurs, røykdykking og førstehjelp).

Tjenesten omfatter 8-10 øvelser/utrykninger pr. år. I tillegg er mannskapene forpliktet til å bære personsøker døgnet rundt når en oppholder seg i kommunen.

Det er ikke innført vaktordning.

Tilsettingsvilkår vil ellers være i henhold til gjeldende avtaleverk og at søker består en helsesjekk for brannmannskaper.

Fast godgjørsle utgjør for tida kr. 9.000,- pr. år. I tillegg blir det betalt for deltagelse på øvelser og utrykninger.

Spørsmål kan rettes til brannsjefen på tlf. 52 75 25 05.

Søknad må være sendt Bokn kommune innen den 13. oktober 2006.

Barnehageplass

Bokn barnehage har enno nokre få ledige plassar.

Søknadsskjema kan ein få i barnehagen, på skulen, i Servicetorget eller på internett. **Tildeling av plass vil skje fortłøpande.**

Skal gata på Øyrenfeltet heite Øyrvegen?

Ifølge Lov om Stadnamn kan ikkje namnet vere Øyrenvegen.

I samband med husnr.-tildeling i Bokn, blei det tildelt eit nytt gatenamn på Øyrenfeltet. Når nye gatenamn blir vedteke, skal desse inn til Statens Namnekonsulentar på Vestlandet for godkjenning.

I dette tilfellet hadde Forvalningsstyret gått inn for Øyrenvegen, men dette avslø Statens Namnekonsulentar med henvisning til at eit stadnamn ikkje kan stå med bunden form når det går inn som eit fyrsteledd i eit samansett namn (jfr. Med punkt b i § 2-3 i forskriftene til Lov om Stadnamn).

Forslag

Bokn kommune ynskjer at innbyggjarane sjølve skal kome med innspel i denne saka. Sit nokon inne med gode forslag, så send dei til

Bokn kommune, teknisk seksjon, 5561 Bokn innan 15. oktober.

Ved dei andre vegane i Bokn, har det generelt vore tradisjon å kalle vegn for den plassen den passerer, eller fører til. Dersom kommunen ikkje mottar andre forslag innan fristen, kjem navneutvalet til å gå for Øyrvegen.

Folkeregisteradresser

Informasjon til alle som bor i Bokn.

De fleste som har eiendom i Bokn, har etter hvert fått gateadresse og husnr, med unntak av Øyrenfeltet. De vil få senere, når endelig gatenavn er bestemt.

Folkeregisteret har begynt å legge inn de nye adressene, og en del innbyggere vil nok etter hvert oppdage at de i folkeregisteret står oppført med feil gateadresse. Dette skyldes at DU ikke har meldt flytting til folkeregisteret.

Vær klar over at en del barn under 18 år også kan stå oppført med feil adresse, dette kan skyldes barn som er født i samboerforhold, der mor aldri har meldt flytting fra sine foreldre... For å være registrerte samboere må en ha samme folkeregisteradresse.

Sjekk med folkeregisteret snarest om de har rett adresse på deg og din familie, og meld flytting straks! Husk å oppgi bolignr. dersom det er flere boenheter i samme hus.

Ta kontakt med **Haugaland likningskontor**, eller meld flytting på nett. Gå inn på www.skatteetaten.no

TILBUD SKJELLSAND

Kr. 160,- pr. m³ fritt utkjørt innmark
Kr. 170,- pr. m³ fritt utkjørt utmark

Kontakt Morten Ullenes
4150 Rennesøy

51 72 31 33

900 16 817

Ved til salgs!

Sitkagran - pr. favn:

Kr. 900 ukappa
Kr. 1.000 kappa

Leveres fraktfritt på
Bokn.

Kontakt Andrej eller
Daniel

9309 3107/9707 1937

Evt. 52 74
84 79



Jøtul-ovn

Gammel Jøtul-ovn
nr. 507 til salgs.
Tlf. 95 24 38 36

**Prøv ei annonse i
Bygdabladet -
i papirutgåva eller
nettutgåva.**

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
90 92 49 64

Kjell Frode Lie
90 78 37 97

Hjertelig takk for all medkjensle, helsingar og blomar i samband med mi kjære kone, gode mor og bestemor Solveig Elise Våga's sjukdom, død og gravferd.

Sigvert m/fam.

Du er velkommen med gratis takkeannonse i bladet.

Mandag til torsdag
09.00 - 17.00
Tlf. 52 74 83 16

COOP BOKN

- **Dagligvarer**
- **Medisinutsalg**
- **Postfilial**

- **Bensin–Diesel**
- **Driftsmidler**
- **Bank i butikk**



○ HÅRSMIÅ

Austre Bokn - mot Våga



HÅRSMIÅ har åpent på ukedager.

Fører goldwell-produkter. Tlf. 52 74 86 47 - 99 03 72 03

Mona

INNSAMLING AV FARLEG AVFALL

Torsdag 5. oktober kl. 16.00 - 16.30



er miljøbilen på miljøstasjonen i Foresvik og samlar inn farleg avfall frå private hushald.

Det farlege avfallet må leverast direkte til miljøbilen. Ein kan ikkje setja farleg avfall frå seg på miljøstasjonen før miljøbilen kjem. Miljøbilen kører innsamlingsruta 2 gonger pr. år (vår og haust).

Eksempel på kva du kan levera til miljøbilen:

Olje, oljefilter, oljeprodukt, maling, lakk, lim, løysemiddel, kvikksolvtermometer, hobbykjemikaliar, lysstofffrøy, alle typar lyspærer, plantevernmiddel, bilpleieprodukt, reingjering- og vedlikehaldsmiddel. Er du i tvil om kva slag avfall du har, bør du handsama det som farleg avfall.

Nytt! Privatabonnentar kan no levera frityrolje til miljøbilen. Dette er ikkje farleg avfall, men skal ikkje kastast i restavfall.

Miljøbilen tek ikkje imot elektriske og elektroniske apparat. Desse må leverast til forhandlar eller til miljøparken.

Verksemder og andre som har større mengder farleg avfall må sjølv levera dette til miljøparken på Toraneset. Ta kontakt på førehand.

HIM Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS

NO-5574 Skjold telefon: 52 76 50 50 e-post: him@him.no

Bygdabladet beklager

I forrige blad kom me i skade for å skriva Lars Sæbø i staden for Leif Sæbø i ei takkeannonse.

Bygdabladet beklager feilen.

- redaktøren -

Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

Smertebehandling med nåler.

Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut



Arbeids-

og

velferdsforvaltninga

NAV Bokn trygd

Kontortid kl. 9.00 - 14.30
Telefonsid kl. 8.00 - 15.30

Kundesenteret: 815 81 000

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbruksjef

TANNLEGEKONTORET

Tysdagar og torsdagar kl. 08.30 - 15.00
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 80

Marita Ølund - tannlege

Stort forsidebilde:

Rik frukthaust på Bokn.

Foto: Kjetil Hamre



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.

Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skulelevar og studentar.

BYGDABLADEMND

Eva Moi
May Jorunn Vatnaland
Johannes Nilssen

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 620,-
Halvside	kr. 380,-
Kvartsida	kr. 190,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 40,-
Fastann.	etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

Vi kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleie av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.
E-post: postmottak@bokn.kommune.no**

Bokn kommune sel no **kommunepins** til private
samaralar over heile landet. Desse kostar kr. 100,-
pr. stk.

Interesserte tar kontakt med
Servicetorget eller kulturkontoret.
Tlf. 52 75 25 00/52 75 25 08



Stor antenne skifta på TV-masta

Reidar Alvestad

Mange let seg imponera av den jobben helikopteret utførte fredag den 25. august.

Då vart den gamle antennen på toppen av TV-masta på Boknafjellet tatt ned, og den nye UHF-antennen vart plassert på toppen av masta.

Digitalt bakkenett

Dette er eit ledd i utbygginga av nytt digitalt bakkenett for TV i Norge som nå er påbegynt.

Arbeidet med montering av nytt antenneneutstyr i eksisterande master landet rundt, vil nå gå føre seg i meir enn to år. Første mast ute var Bjerkeim.

Digitalt bakkenett vil seia at alle må kjøpa ein dekoder til 1.500 kroner for å få inn TV-signala når systemet blir tatt i bruk. Trøysta er at bilde og lyd blir betre, og at me får eit betre tilbod om ein stor programpakke, omtrent slik me i dag kjenner det frå kabel-tv og parabolpakka-ne. Men boksen fungerar berre på eitt tv-apparat i heimen. Uttestinga av systemet vil starta seinare. Dei fleste land i Europa er alt i gong med tilsvarande utbygging.

Heldige med véret

Helikopteret henta først den gamle antennen på toppen av masta. Montørar hadde då løyst den, og det såg greit ut å festa antennen til tauene som hang ned frå helikopteret. Etter at denne antennen var plassert på bakken, tok helikopteret med seg den nye, og la seg i nøyaktig posisjon over masta, inntil den var montert.

Det var imponerande å sjå kor stille helikopteret hang over masta i lang tid under utføring av begge operasjonane. Det var vel også ein fordel at veret var det beste med lite vind og solskinn.



Øverst: Den lange og tunge antennan som midlertidig var plassert ved Boknabergsvatnet, var det helikopteret henta og sette på plass på toppen av tv-masta på Boknafjellet etter at den gamle topp-

antenna var fjerna.

Nederst: Slik hang helikopteret over antennan inntil arbeidet var utført i to omganger.